

Kyrkjeblad for Lom



Bøverdal



Lom



Garmo

Nr. 2 - 2014 - 73. årgang



Takk for lang og tru teneste, Sigurd! Frå v.: Tidlegare organist Anne Louise Mundal, organist Terje Blakarstugun, tidlegare sokneprest Åge Mundal, Liv Elisabeth Sloreby Stenersen, Sigurd Arnfinn Stenersen og sokneprest Einar Gelius. Foto: Steinar Angard.



Et nytt kirke- og kultursenter

Lom kommune har mange attraksjoner og mye å tilby, både for fastboende og turister. Vi har kulturen, maten og ikke minst; naturen. Kulturen er vår arv, historie og våre tradisjoner. Her i Lom er folkemusikken og forfatterne som har røtter i bygda, viktige eksempler på vår kulturelle arv. Og kristendommen og vår vakre stavkirke er likeledes viktige deler av vår kulturarv. Maten har også en sentral plass i Lom – med gourmetkjøkken, landskjent bakeri og mange dyktige fagfolk. Det er flott at Arne Brimi og andre slår et slag for mat-tradisjonene våre og opplevelsene et godt måltid kan gi oss.

Og så er det selvsagt naturen – den storslåtte fjellheimen som omkranser kommunen vår. Den er et skattkammer og et eventyr som det ikke finnes maken til i hele vårt land!

Vi er en kommune som utvilsomt har mye å tilby – og som vi kan være stolte av. Men vi blir samtidig stilt overfor viktige utfordringer for å møte framtidens krav og forventninger.

Eksempelvis burde vi kunne utvide turistsesongen i Lom til å kunne bli en helårs-destinasjon – og ikke bare en sommer-destinasjon slik det nå er. Vi har alle muligheter til å drive helårsdrift med tanke på å arrangere landsdekkende konferanser og seminarer i Lom. Vi har hotell-kapasiteten, maten, naturen, kulturen – og ikke minst mange dyktige fagfolk som vil ønske gjestene velkommen hele året.

Men det jeg virkelig har lyst til å utfordre både

kulturlivet, politikerne, kirka og folket i Lom til å vurdere, er å skape et livskraftig nytt kirke- og kultursenter i Lom.

Midt i Lom sentrum ligger en av kommunens flotteste eiendommer, nemlig den gamle prestegården, med både Steinfjosestugu og Drengjestugu. Med stavkirken som nærmeste nabo, og som den kanskje viktigste attraksjonen i Lom, så er den gamle prestegården en strategisk viktig eiendom. I dag blir disse bygningene alt for dårlig utnyttet. Det er en skam at stavkirkemuseet eksempelvis er bortgjemt i en mørk kjeller i den gamle prestegården. Nå som både Steinfjosestugu og Drengjestugu står mer eller mindre tomt, bør kommunen tenke både ”nyskapende” og ”gjestfritt”. Bygningsmassen rundt den gamle prestegården bør bli et nytt kirke- og kultursenter i kommunen. Stavkirkemuseet bør få plass i Steinfjosestugu og planene om et dikterhus kan bli realisert i den gamle prestegården med biblioteket som nabo. Tenk hvilket kraft-senter dette vil kunne bli – med fokus på våre store diktere; Knut Hamsun, Olav Aukrust og Tor Jonsson – og med fokus på vår kulturelle og kirkelige arv i Steinfjosestugu og Drengjestugu! Området ved stavkirka (som for øvrig er gammel kirkelig eiendom!) – vil jo bli enda mer attraktivt med et slikt nytt kirke- og kultursenter i sin midte.

Utfordringen er hermed gitt. Nå håper jeg det finnes kreative mennesker med pågangsmot som vil være med på å realisere et slikt prosjekt!

Einar Gelius



Sundag 16. november 2014 skal vi feire at Bøverdalskyrkja er 150 år. Det blir festgudsteneste kl. 11:00 med biskop Solveig Fiske, fungerande prost Kenneth Hansen, Synnøve S. Heggem, vår eigen sokneprest Einar Gelius og truleg fleire tidlegare tilsette i kyrkja. Alle bøverdølar, også utflötte, er velkomne. Vi vil med dette også invitere andre interesserte!

Det er triveleg om flest mogleg stiller i bunad!

Etter messa skal det vere ei samling på Samfunnshuset med rumgraut, spekemat, kaffi og kulturelle innslag. På grunn av serveringa som Bygdalaget har ansvar for, er det påmelding innan 6. november. Påmelding på kyrkjelydskontoret.

Borghild: Tlf. 61 21 73 38,

Gunn Berit: Tlf. 61 21 73 39,

e-post: kyrkjevevje@lom.kommune.no

e-post: kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

Alle er velkomne!



Sigurd pensjonist



Det er sant som det vert sagt, at pensjonistane berre vert yngre med åra. Plutseleg vart det Sigurd sin tur til å trekkje seg attende etter 34 år i tru teneste som kyrkjetenar i Bøverdalen. Dette vart markert i Bøverdalen 22. juni, sidan dette var den siste messa i Bøverdalskyrkja før Sigurd gav seg 1. juli.

Kyrkja var nær full denne dagen. Det var barnedåp, der vesle Anna Sulheim vart døypt, i tillegg til at svært mange óg hadde møtt opp for å heidre Sigurd. Ein glytt i kyrkjebøkene fortel oss at Anna var unge nr. 162 som vart døypt under Sigurd si yrkeskarriere i Bøverdalskyrkja. Ikkje noko var meir naturleg enn at gudstenesta tok til med «Gjendines bånlát», både i høvet barnedåpen og at Gjendine var Sigurd si eiga oldemor.

I gudstenesta fekk sokneprest Einar kalla fram Sigurd og la fram ein takk frå kyrkjelyden. Etterpå var det invitert til kyrkjekaffe med underhaldning i Boomerstugu. Her var det god servering med bakst av Bygdevinnelaget R. i Bøverdalen, og Randi Glimsdal Bakke leia stunda med stødig hand.

Fyrst ute var Sigurd sitt barnebarn Linnea Stenersen, som song «Gjendines bånlát» i lag med si kjære tante Marina Kvålshagen. Etterpå song Marina «Under stjernene på himlen». Formann i Lom Kyrkjelege råd, Jon Kleiven, takka Sigurd for lang og tru teneste med ein gåvesjekk. Anne Gro Sulheim kom med gode ord til Sigurd både som kollega gjennom rådet, samt som bøverdøl sjølv. Ho hadde gjort grundig forarbeid, og kunne sitere mange fine uttaler om Sigurd frå sambygdingane. I tillegg hadde ho fått undersøkt kor mange prestar han hadde arbeidd med: 5 prestar som var fast tilsette: Steinar Halset, Åge Mundal, Ivar Austrheim, Synnøve Sakura Heggem og Einar Gelius. I tillegg har han arbeidd med over 40 prestevikarar(!). Anne Gro hevda at «Bøverdalskyrkja + Sigurd = Sant», noko som hausta stor applaus.



Kyrkjeverje Borghild Skarelven tala til Sigurd på vegne av dei andre tilsette i kyrkja, før Marita Moen song «Ida si sommarvise» akkompagnert av Randi på gitar.

Av dei fem fast tilsette prestane Sigurd har arbeidd i lag med, er det berre Steinar Halset som ikkje er med oss meir. Åge Mundal møtte opp personleg denne dagen, og han hadde med både kona Anne Louise og dottera Eirill. I tala til Sigurd kom det frå Åge at «Gud hadde ein god dag på jobb då han skapa kyrkjetenarane i Lom». Dette hausta både latter og applaus.

Sokneprest Einar skjemta i si tale om kvifor Sigurd no skulle slutte då Einar sjølv nett hadde byrja... Han gav Sigurd ein stor del av æra for at han sjølv vart tilsett i stillinga som sokneprest, sidan det var Sigurd som vart utsendingen frå Lom kyrkjelege råd då kandidatane vart intervjuet.

Både Synnøve Sakura Heggem og Ivar Austrheim var hindra frå å kome til markeringa, men det vart lese opp helsingar frå dei. Steinar Angard las helsing frå Synnøve, og Randi las opp helsing frå Ivar og Inger Marit Austrheim.

Så fekk Sigurd sjølv ordet. Han innleia med korleis han vart oppmoda til å søkje stillinga i si tid, og at han i byrjinga kjende han fomla seg fram og erverva seg kunnskap etter kvart. Han heldt fram at kona Liv, som òg har arbeidd turnus, har pensjonert seg. Difor ser dei no fram til meir tid i lag, og til kvarandre. Sigurd skildra vel alle han hadde arbeidd i lag med, og han hadde positive ting å seie om alle. Han ynskte òg å halde fram prestevikarane Stig Tørring, Kjartan Ruset og Øyvind Mæland. Desse har vore her som vikarar i lengre periodar, og synt seg som solide samarbeidspartnarar.

Vi ynskjer Sigurd som pensjonist mange solskinsdagar, god helse og alt anna godt! Kos deg!



29 av 32 konfirmantar reiste St. Hans morgon til konfirmantleir i lag med Einar (prest), Gunn Berit (trusopplærar), Borghild (kyrkjevevje) og Anne-Mette (friviljug). Vêrutsiktene var fine, og ein spent ungdomsgjeng skulle treffe 140 andre ungdommar frå Lesja, Dovre, Sel og Nord-Fron.

Turen over fjellet gjekk fint. Haverstad Turbiler AS syrgde for å få oss både trygt bort måndag og heim att fredag i komfortable bussar.

Måndag efta gjekk med til å kome i orden på romma på folkehøgskulen, før leiren verkeleg kom i gang utover kvelden. Vi rusla ned mot Vereide kyrkje der vi avslutta dagen, og vi kunne sjå fine St. Hansbål på andre sida av Gløppefjorden.

Ungdomane vart delte inn i grupper for å få høve til å bli betre kjende med kvarandre på tvers av kommunane. 3-4 gutar frå Lom vart sette i lag med 3-4 jenter frå ein annan kommune og så vidare. Elles hadde vi lokale samlingar kvar dag (kommunevis). Tysdag og onsdag var dei mest intense dagane når det kom til undervising. Alle konfirmantane var innom fire postar i løpet av desse dagane. Gjennom postane erfarte dei samarbeid kring det å ro ein åttring, samarbeid i samhandlingsløype. Dei fekk innføring i dei 4 sakramenta dåp, nattverd, vigsel og gravferd, samt lære om pilegrimsvandring.

Kvar leirdag starta med morgonsamling, og avslutta med kveldssamling. Gjennom leirveka vart konfirmantane drilla i nye salmar.

Det er sjølvsagt mange fordelar ved ein slik konfirmantleir. Ungdommane knyter venskapsband på tvers av kommunegrensene, det vert mykje undervising på ei stutt periode og dei meistarar ting dei ikkje trudde dei skulle greie. For lomsungdommen er tidspunktet for konfirmantleiren i Nordfjord sær sgunstig. Dei har vore på leirskule på Bjørnsund gjennom skulen berre nokre få veker før konfirmantleiren. Når ungdommane nett har fått ferie etter eit langt skuleår, er det heller ikkje alle som er like læreviljuge på konfirmantleir etter berre ei helg heime.

Konfirmantleir kostar. Eigenandelen for å vere med på leir ligg no på kr. 2 200,-. Signal frå foreldre seier oss at smerteterskelen er nådd. Lom Kyrkjele-




Biletet syner 29 av neste år sine 32 konfirmantar, og er teke under konfirmantleiren på Nordfjord Folkehøgskule.

ge råd har, som dei fleste andre, dårleg økonomi. I skrivande stund veit vi ikkje kva leiren kjem på for Lom Kyrkjelege råd sin del. (Rådet betaler det som står att etter at eigenandelen frå foreldra er fråtrekt). I tillegg krev det personressursar. Når det er sagt: Vi er utruleg takksame for Anne-Mette Kolden si ståpå-vilje som friviljug! Ho nyttar si eiga fritid til å reise på leir med ungdommane våre, av genuin interesse! Slike er det ikkje mange av!

I tillegg til Anne-Mette reiste både prest, trusopplærar og kyrkjevevje. Kyrjekontoret i Lom vart difor ubemanna ei veke. Dette er også ein faktor som lyt inn i det totale reknestykket.

Av årsakene nemnt ovanfor, vart det difor avgjort i Lom Kyrkjelege råd 18.06.14. at Lom trekkjer seg ut av samarbeidet i Nord-Gudbrandsdal om konfirmantleir.

Lom kyrkjelege råd vil i staden satse på eige opplegg og tur for konfirmantane i Lom frå og med konfirmantåret 2015/16.





Kyrkjelydstur



Måndag 16. juni reiste ein fullasta buss frå Haverstad Turbiler AS frå Lom i høve årets kyrkjelydstur. Målet for turen var Rena. Samtlege var vi trygge på at turen gjekk i rett lei, då Sigurd Stenersen synte veg.

Som vanleg på desse turane var det ein lett og glad tone blant passasjerane. Ei og anna historie vart fortald, som ende opp med ein god latter.

Fyrste stopp var på Venabygdsfjellet. Da var tida inne for å strekkje på føtene og få seg «litt i livet», niste og kaffe smaka utmerka.

Da vi kom til Rena venta Synnøve prest på oss på Nesvangen. Gjensynsgleda var stor. Etter kvart som praten gjekk, tok Synnøve fram trekkspilet og spelte: «Vem kan segla förutan vind» i lag med organist Lars Otto, som òg var med og tok godt imot oss.



Sørlistøa ved Osensjøen. Foto: Arvid Brustuen.

Dagens høgdepunkt var gudsteneste i Åmot kyrkje, der Synnøve no er prest. Omvisar Martha Holm tok godt imot kyrkjelyden. No, som sist vi var på Rena, møtte det opp to utfløtte lomværar, Matti Haugen og Kåre Sandviken. Inngangsorda ved Synnøve vart ei stund med mange kjensler.

Roar Aas song vakre tonar, der vår fantastiske organist Terje Blakarstugun sat ved orgelet.

Vi runda av denne stunda i Åmot kyrkje med all-song: «Jeg synger meg en blå, blå salme».

Så var denne flotte dagen på Rena over, og vi takka for oss med desse orda: «På gjensyn, Synnøve!».

Heimturen vår gjekk om Elverum og Hamar, der det vart ein stutt stopp på Domkirkeodden.

Ein stor takk til turkomiteen: Synnøve, Terje og Sigurd!

Aud Aurmo



Foto: Arvid Brustuen.

Så gjekk turen til Osensjøen-Sørlistua fløtermuseum. Der hadde vi omvising av Arnstein Nordsted. Etter denne gjevande stunda på museet, melde svolten seg på nytt. Ruta vende om og ende på kafé Sandbeck på kulturhuset på Rena. Menyen var elg-hakk, kaffe og iskake. Eit nydeleg måltid.

Konfirmantar i Lom 2015:

Jens Blikken
Ingrid Borgen
Camilla Brukveen
Helene Ekle
Emil Haugen
Mari Haugen
Hallvard Helstad
Elisabeth Nordseth Holm
Gina Kvamme
Jarmund Øyen Kvernstuen
Antonio Cristobal Øfeldt Marstein
Kjell Erik Nestvold
Espen Barlund Nicolaisen

Anette Sandviken
Ida Kamilla Sandviken
Sebastian Schakenda
Knut Skarset
Espen Sveine
Erlend Synstnes
Maria Teigen
Ola Soglo Vestad
Mari Øien Øverli

Konfirmantar i Garmo 2015:

Marie Apalseth
Torstein Bjørgen
Iver Byrøygard

Julie Garmo
Ingebjørg Hammerdalen
Malin Kvåle
Håvar Mørch-Reiersen
Andrine Reksen Sole

Konfirmantar i Bøverdalen 2015:

Marvin Moen
Halvor Hilleren Myren



Ting skjer i Garmo

Vi minner om at det søndag 30. november vert arrangert LJOSMESSE i Garmo kyrkje kl. 19:30 (merk tida). Konfirmantane som høyrer til Garmo sokn medverkar i gudstenesta. Vi vonar folket i Garmo møter opp for å vere saman med årets konfirmantar!

Ting skjer i Bøverdalen

Som nemnt ein annan stad i kyrkjebladet, vert det stor jubileums-gudsteneste i Bøverdalen kyrkje søndag 16. november kl. 11:00 i samband med kyrkja sitt 150 års-jubileum.

Sundag 7. desember kl. 19:30 (merk tida) vert det arrangert LJOSMESSE i Bøverdalen kyrkje med årets konfirmantar. Møt opp for å vere med på ei stemningsfull messe i adventstida!

Konfirmasjon i Lom – kva meiner du?

Soknepresten og Lom kyrkjelege råd vil framover diskutere opplegget for framtidens konfirmasjonar i Lom prestegjeld. Vi ynskjer å drøfte fleire viktige spørsmål, som vi vil be lokalbefolkninga sende inn sine kommentarar og ytringar til.

For det fyrste: når på året skal vi ha konfirmasjons-gudstenester; som nå på våren (mai og juni) eller på hausten (i september)?

Skal vi ha konfirmasjons-gudstenestene på laurdagar eller som no, på sundagar?

Frå og med konfirmasjonsåret 2015-2016 vil soknepresten foreslå å ha 2 konfirmasjons-helger, i staden for 3 som nå. Det vil seie at konfirmantane tilhøyrande Lom vert konfirmert den eine sundagen og konfirmantane frå Bøverdalen og Garmo den påfølgjande sundagen – i kvar sine kyrkjer.

Har du synspunkt til desse spørsmåla, vil vi gjerne høyre meininga di! Send e-post eller ring til kyrkje-kontoret eller soknepresten (adresser og telefonnummer står bak i bladet).

Gratis konsert i Lom kyrkje

Laurdag 1. november kl. 18:00 kjem Studentersangforeningen i Bergen til Lom kyrkje for å halde konsert. Koret er det offisielle representasjonskoret til Universitetet i Bergen og ein naturleg del av den kulturelle profilen i det akademiske miljøet i Bergen. Studentersangforeningen opptrer ved jamne mellomrom på UIB sine arrangement og kastar glans over festar, seminar og sjølvsgagt den høgtidelege årifesten og doktorpromosjonen i Grieghallen ved starten av kvart haustsemester. I 1998 vann koret den aller fyrste landsfinala som vart arrangert av Norges Korforbund, og både i 2003 og 2004 kvalifiserte koret seg til landsfinalane. Koret er eit av Noregs største mannskor. Vi vonar at mange vil kome til Lom kyrkje laurdag 1. november til ein opplevingsrik korkveld. Til Lom kjem omlag 40 songarar, og konserten er gratis!

Allehelgensdag 2. november

Lom prestegjeld har lange tradisjonar med å arrangere Helgemesse i Lom kyrkje. I år vert messa arrangert søndag 2. november kl. 19:30 (merk tida). Pårørande og etterlatne etter dei som har gått bort i kyrjekommunen det siste året, er spesielt velkomne til denne messa. Allehelgensdag er ein dag der vi alle kan få setja ord på sorga vår og saknet etter dei som ikkje lenger er saman med oss. På kveldsmessa medverkar sokneprest Gelius, og det vert ekstra musikk-innslag.

Fredagstreff kvar fredag kl. 10.30. Sosialt samvere med kaffi og biteti. Bingospeling, underhaldning av og til. Treng du skyss, ring Friviljugsentralen, tlf. 996 938 47. Velkomne!

Annankvar måndag kl. 11:00 (22.september, 6.oktober, 20.oktober, 3.november, 17.november , 1.desember og 15.desember) møtest strikke gruppa «Bundingen». Ta med deg handarbeid. Kaffispleis. Velkomne!

Småbarnstreffen startar att onsdag den 8.oktober kl. 11.00. Treffnen blir 2 gongar etter kvarandre. Frå den 29.oktober blir treffnen annankvar onsdag. Liste er lagt ut på helsesentret, elles får du liste ved å

vende deg til Friviljugsentralen eller på heimesida til Lom Kommune: www.lom.kommune.no

Dei som ynskjer å trille ein tur før treffnen møtest utanfor Friviljugsentralen kl. 10.00.

Kvar torsdag i september og oktober har turgruppa turar. (Skimhytta, Bordvassvegen, Gamlevegen, Skim og i Presthaugen). Vi møtest utanfor Friviljugsentralen kl. 11.30. Har du spørsmål kring turane, ta kontakt med Anne Marstein eller Ella Hoel.

Friviljugsentralen ønskjer å koma i kontakt med fleire som kan tenkje seg å gjera ein friviljug innsats. Ta kontakt med Ella Hoel, tlf. 996 938 47, så gjer vi ei avtale.





Heim og ætt



BØVERDALEN

22.06: Anna Sulheim

GARMO

17.08: Ludvig Andersen Kleiven, Enebakk.
Døpt på Brimi Sæter
17.08: Ane Gjeisar Enersvold.
Døpt på Brimi Sæter
17.08: Heidrun Synslien Husom.
Døpt på Brimi Sæter

LOM

29.06: Emma Iversen, Nord-Fron
31.08: Marit Vestad
20.09: Brage Næverlid, Bjørndalstræ
21.09: Tea Aamodt Eggen
21.09: Jenny Sveen Steinehaugen
21.09: Thomas Ringebo, døpt i Askvoll kyrkje



BØVERDALEN

03.07: Anette Galåen og Arne Tommy
Johnsgård Haugen, Lillehammer. Vigde på fjellet Kyrkja
05.07: Ruth Edel Kvandalsvoll Kvålshagen og Terje Marstein
13.09: Birgit Barbara Palm og Klaus Gerd Steffen König, Skollenborg. Vigde i Røisheim kapell.

LOM

05.07: Kristin Varhaugvik og Geir Snorre Haukaas Berge, Oslo
01.08: Nina Hildegun Aukrust og Stener Rundhaugen, Skreia
30.08: Rachel Iren Mathisen og Hans Øvrelid Hosar, Oslo
20.09: Gry Veronica Nørjordet og Knut Arthur Næverlid, Bjørndalstræ
20.09: Tone Trønnes og Anders Aaberg Jevnaker, Oslo



BØVERDALEN

13.08: Marit Fjøsne, f. 1926

GARMO

18.06: Emma Brimi, f. 1947
20.06: Tor Solbakken, f. 1927
25.06: Kåre Garmo, f. 1927

LOM

20.06: Bothild Malmfrid Øygard, f. 1951
24.06: Kristin Sanden, f. 1967
11.07: Karl Selmer Repp, f. 1922
02.09: Sverre Øverli, f. 1927
19.09: Sigurd Bjørner Sandviken, f. 1943

Gudstenesteplan

Frå 2014 er det eit mål at det kvar veke skal vere gudsteneste anten i Lom eller Skjåk

Sundag 28.09.2014 SKJÅK KYRKJE kl. 11:00. Offer til KRIK	16.sundag i treeningstida Markering av Grunnlovsjubileet.
Onsdag 01.10.2014	Høgstdagsbøn på Friviljugsentralen i Skjåk kl. 12:00.
Torsdag 02.10.2014	Andakt på Skjåkheimen kl. 12:00.
Sundag 05.10.2014 BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00.	17.sundag i treeningstida Barnedåp.
NORDBERG KYRKJE kl. 11:00.	Hausttakkemesse. Offer til trusopplæringa.
Sundag 12.10.2014 GARMO KYRKJE kl. 11:00.	18.sundag i treeningstida Offer til Sandomstiftelsen.
Onsdag 15.10.2014	Andakt på Lom Helseheim kl.11:00.
Sundag 19.10.2014 SKJÅK KYRKJE kl. 11:00.	19.sundag i treeningstida Salmemesse, Prøysen. Offer til nye salmebøker.
Sundag 26.10.2014 LOM KYRKJE kl. 11:00.	Bots- og bededag. 20.sundag i treeningstida Barnedåp. Utdeling av 4-årsbok. Nattverd med brød baka av 5-åringane. Kyrkjekaffe på kyrkjelydshuset etter messa.
NORDBERG KYRKJE kl. 18:00.	Bønemesse. Offer til Opne dører.
Torsdag 30.10.2014	Andakt på Skjåkheimen kl. 12:00.
Sundag 02.11.2014 LOM KYRKJE kl. 19:30.	Helgemessesundag Helgemesse. Vi minnes dei som har gått bort det siste året.
NORDBERG KYRKJE kl. 18:00. SKJÅK KYRKJE kl. 20:00.	Helgemesse Helgemesse
Onsdag 05.11.2014	Høgstdagsbøn på Friviljugsentralen i Skjåk kl. 12:00.
Sundag 16.11.2014 BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00.	23.sundag i treeningstida Barnedåp. Kyrkjejubileum: Vi feirar at Bøverdalskyrkja er 150 år. Sjå eigen notis i bladet. Offer til eige arbeid: Jubileumsoffer.
Onsdag 19.11.2014	Andakt på Lom Helseheim kl. 11:00.
Sundag 23.11.2014 SKJÅK KYRKJE kl. 11:00.	Siste sundag i kyrkjeåret Kunstvandring, barnedåp. Offer til Rådet for psykisk helse.
Torsdag 27.11.2014	Andakt på Skjåkheimen kl. 12:00.
Sundag 30.11.2014 NORDBERG KYRKJE kl. 11:00.	1.sundag i adventstida Myldremesse, Lys Vaken. Offer til SOS Barnebyer
LOM KYRKJE kl. 15:00.	Ljosmesse. Konfirmantane deltek. Etter messa går vi i fakkeltog til Bergom, der juletreet vert tent.
GARMO KYRKJE kl. 19:30.	Ljosmesse. Konfirmantane deltek.

Vi tek atterhald om endringar. Sjå også annonse i Fjuken, oversikt i GD, samt vår eiga Facebook-side som heiter Lom Kyrkjekommune: <https://www.facebook.com/lomkyrkjekommune>

Ny musikk- og kulturskulerektor i Lom




34-åringen Anethe Kleven er tilsett som musikk- og kulturskulerektor ved Lom Musikk- og kulturskule. Anethe er opprinneleg frå Son, men har busett seg på Dovre i lag med sonen sin. Ho har 40% stilling her i Lom og kombinerer dette med 60% stilling som kulturkonsulent i Dovre kommune.

Ungane og ungdomane frå musikk- og kulturskulen lærer mykje og er svært flinke. Dei treng å opptre for publikum jamt og trutt, og vi ynskjer innslag frå dei på einskilde messer. Vi vil difor halde kontakt med Anethe og lærarane ved musikk- og kulturskulen og lovar kyrkjelydane høve til å oppleve innslag frå desse under fleire messer!

Aktuelt frå trusopplæringa



Alle 5-åringane i kyrkjekommunen (fødde i 2009), vil få invitasjon til å vere med på bagedag laurdag 25. oktober. Da skal vi bake mykje godt, mellom anna brød som skal nyttast til nattverd i messa dagen etter.



STØRST AV ALT

4-åringane i kyrkjekommunen (fødde i 2010), får invitasjon til Lomskyrkja søndag 26. oktober. Der vil vi gje dei «Mi eiga kyrkjebok»

Vi gler oss!

LOM KYRKJEKOMMUNE

Du treffer folk på dei **KYRKJELEGE KONTORA** på Midtgard månd. – fred. kl. 10:00 - 14:00
NB! VI HAR FLØTT EIN ETASJE OPP, TIL 4. ETASJE
 Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom.
 Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD
 Jon Kleiven, tlf. 970 32 594

SOKNEPREST
 Einar Gelius, tlf. 61 21 73 40
 Prestegarden: 906 55 838
 e-post: soknepresten@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE
 Borghild Skarelvén, tlf. 61 21 73 38
 e-post: kyrkjeverje@lom.kommune.no

KYRKJELYSSEKRETÆR & TRUSOPPLÆRAR
 Gunn Berit Vole Mork, tlf. 61 21 73 39
 e-post: kyrkjelydssekretær@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR
 Terje Blakarstugun
KYRKJETENAR
 Jonas Fjeld
 Tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75 kl. 10:00 – 14:00
 Tlf. Garmo kyrkje, 61 21 24 37 kl. 10:00 – 14:00
 Tlf. Bøverdalen kyrkje, 61 21 20 27 kl. 10:00 – 14:00
 e-post: kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET
 Bankkontonr.: 2085.07.11772

OMVISARTENESTA
 1.oktober – 1.mai:
 kontakt kyrkjeverje eller kyrkjelydssekretær

KYRKJEBLAD FOR LOM
 Redaksjonsgruppe: Randi Glimsdal Bakke, Merete Byrøygard, kyrkjelydssekretæren og soknepresten

SID OPPSETT OG TRYKK
 Dale-Gudbrands Trykkeri as, tlf. 61 27 73 50
 e-post: lasse@dg-trykk.no

**Prestane sin vakttelefon
 i Nord-Gudbrandsdal
 VAKTNUMMER 414 81 457**

**Kveld/natt: Kvardagar kl. 17:00-08:00
 Helg: Fredag kl. 17:00 - Måndag 08:00**

**Stoff-frist for neste kyrkjeblad er
 15. november 2014**